


Millom bakkar og berg.



Millom bakkar og berg utmed



havet heve nordmannen fenge sin



heim, der han sjölv heve tufterne gravet,



og sett sjölv si-ne hus up-på deim.

2. Han såg ut på dei steinutte strender; det var ingen som der hadde bygt. "Lat oss ryddja og byggja oss grender, og so eiga me rudningen trygt."

3. Han såg ut på det bårutte havet; det var ruskutt å leggja ut på; men der leikade fisk nedi kavet, og den leiken, den vilde han sjå.

4. Fram på vetteren stundom han tenkte: gjev eg var i et varmare land; Men når vårsol i bakkarne blenkte, fekk han hug til si heimlege strand.

5. Og når lidarne grönska som hagar, når det lavar av blomar på strå. Og når næter er ljosa som dagar, kann han ingenstad vænare sjå.